

Innspel til Sogndal kommune si innstilling til plassering av ny skule

frå foreldrearbeidsutvalet (FAU) på Trudvang skule

Innleiing

FAU-Trudvang er nøgde med at Sogndal kommune har teke seg tid til å greie ut fleire ulike plasseringar av ny 1-7-skule i sentrum. Dette var noko FAU etterspurde for å få fram grundige vurderingar og eit godt beslutningsgrunnlag for politikarane.

Me meiner Sogndal kommune var på god veg til å få eit godt beslutningsgrunnlag ved å bestille konsulent til å utarbeide moglegheitsstudie for Kvåle, Fosshagen og Trudvang, men at detaljnivået dessverre ikkje svarte til forventningane. I ettertid har administrasjonen lagt ned ein god del arbeid i å framskaffe meir detaljar om dei tre tomtane.

Både moglegheitsstudien frå HRP og saksframlegget viser no at det mogleg å etablere ein god 1-7-skule på alle dei tre stadane som er utgreidde.

For å vurdere dei tre alternativa opp mot kvarandre har administrasjonen etablert ein metode med 8 kriteriesett. Me meiner metoden er lite objektiv, og at mange vurderingar og slutningar er trekt med lite fagleg grunngjeving. Kriteria er mangelfulle, og lite logisk bygd opp. Nokre forhold (som t.d. basis- og fleirbrukshall) vert vekta fleire gonger, og viktige kriterium knytt til å etablere ein skule som er til beste for elevane druknar i ytre tilhøve. Me meiner metoden krev langt meir detaljar kring alternativa enn det som føreligg no. Kvifor har ikkje administrasjonen teke seg bedre tid til å inkludere tema frå HRP sin moglegheitsstudie og arbeidd fram eit detaljeringsnivå som metoden ein no har nytta til rangering krev? Tidlegare har kommunen gitt inntrykk av at ein ikkje har tid til dette, men i saksframlegget er tid vekta med 1 %. Då bør kommunen ta seg god nok tid til å framskaffe eit betre kunnskapsgrunnlag for ei så viktig avgjersle for bygda.

FAU bad om å bli involvert tidleg i prosessen kring utgreiing av plassering, og dette vart det gitt lovnadar om frå administrasjonen. Dette har me ikkje blitt, og kan heller ikkje sjå at våre innspel, FAU-Kvåle sine innspel eller lærarane sine innspel er teke med i administrasjonen si tilråding.

Kort oppsummering av FAU sine viktigaste merknadar til saksframlegget:

Generelt

- Det bør komme tydelegare fram kva kriterium som er direkte knytte til elevane sin kvardag. Dette vanskeleg å få oversikt over i innstillinga, då dette er blanda saman med byggtekniske tilhøve, og kva som er «andre verknadar» av lokaliseringa.
- Me saknar tydelege mål på kva prosjektet skal løyse. Kva er hovudmåla, og kva gir best måloppnåing?
- Det er lagt for stor vekt på skuledrift i anleggstida. Dette er svært viktig å løyse, men det vert feil å vekte ein situasjon som varer nokre få år saman med kriterium som skildrar den ferdige skulen i eit 50-60 års perspektiv.

Økonomi

- På grunn av den store uvissa i tala som vert nytta bør alle tre alternativa vektast likt på økonomi. Tilrådinga gir eit feil bilete når kommunen har gitt heilt ulike karakterar til dei tre alternativa. Dette får stor konsekvens for den samla vurderinga, sidan investeringskostnad har ei vekt på 30%.

Skulen sine behov

- FAU meiner at elevane sine behov har fått alt for lite vekt i saksframlegget. I det arbeidet meiner FAU at det er naturleg og nødvendig å lytte til lærarane si relevante erfaring og kompetanse.
- FAU meiner det er viktig å ta omsyn til elevane og dei pedagogiske behova i vurderinga av kor eigna dei ulike tomtene er i forhold til uteområdet, og behov for geografisk avstand i dei ulike fasane i oppveksten.
- FAU oppmodar Sogndal kommune til å vurdere kriteriesettet på nytt.

Trafikk

- FAU oppmodar Sogndal kommune om å vektlegge at flest mogleg skal få ein aktiv reiseveg til/frå skulen. Dette er teke lite omsyn til.
- Det føreligg ikkje detaljar nok rundt trafikale løysingar til å skilje dei tre alternativa så tydeleg som saksframstillinga har gjort.

Basis- og fleirbrukshall

- FAU meiner at basis- og fleirbrukshall bør vurderast uavhengig av lokalisering av skule.
- Dersom det skal vere med i den samla vurderinga, bør ein kartlegge behova for areal til organisert og uorganisert aktivitet i kommunen betre enn det som ligg til grunn her.

Stadutvikling

- FAU meiner nærleik til andre tilbod som vert nytta i skuletida (m.a. kulturarrangement, bibliotek, fjordstien, Røvhaugane, Sjøkanten) bør få høgare vekt, og at dette høyrer heime saman med skulen sine behov.
- FAU meiner at "Stadsutvikling" bør greiast ut breiare og spegle kommunen sine overordna dokument og planar.

Detaljerte innspel til kriteria i saksframstillinga

1 Økonomi [40 %]

Kommentar:

I tilrådinga frå administrasjonen er 'Økonomi' vekta med 40%:

Investeringskostnad: 30%

Driftskostnadar: 10%

Dette betyr at karakteren på dette kriteriet har mykje å seie for den samla karakteren til dei tre alternativa. Det er difor svært viktig å gjere gode og grundige vurderingar her, slik at den samla vurderinga av dei tre alternativa gir eit så rett bilete som råd.

Investeringskostnad

Under er investeringskostnaden for dei tre alternativa samanlikna. Alle tal er henta frå innstillinga til kommunen.

Kostnad i MNOK	Kvåle	Trudvang	Fosshagen
Byggekostnad sjølve skulebygget	472,5	472,5	472,5
Opparbeiding av uteområde	32	32	32
Andre kostnadar (tomt / parkering)	20	37	80
Totalkostnad	524,5	541,5	584,5

Skilnaden som kommunen har kome fram til er 60 MNOK mellom det dyraste og det rimelegaste alternativet.

Det er nokre moment som er viktige å ha med når vi skal vurdere skilnaden mellom dei:

- Kommunen har ikkje gjort grundige vurderingar av kostnadane for kvart alternativ. For byggekostnad og opparbeiding av uteområde har kommunen nytta gjennomsnittlege byggekostnadar per kvadratmeter for alle tre alternativa. Dei er altså vurdert heilt likt når det gjeld byggekostnad og opparbeiding av uteområde.
- Den einaste skilnaden kommunen peikar på er ulik kostnad til tomt og parkering. Også her er det brukt grove estimat med stor feilmargin og kommunen skriv sjølv at det kostnad til areal er noko uviss.
- Eit av dei store argumenta for Kvåle er at der kan ein laga stor parkeringskjellar under skulen. Men kommunen har ikkje teke med nokon kostnadar til dette i sin vurdering av investeringskostnad. Dei skriv kort og godt at dette er kostnadar som skal dekkast av parkeringsmidlar og tek dei difor ikkje med i samanlikninga av dei ulike alternativa.

- I tillegg er det gjort ein feil når det gjeld Fosshagen. På Kvåle er tomtekostnaden redusert med 30 MNOK fordi ein vurderer at Trudvang-tomta har verdi ved alternativ bruk. Dette vil også gjelde om skulen blir flytta til Fosshagen, men det har ikkje kommunen teke omsyn til. Tomtekostnaden til Fosshagen er difor vurdert 30 MNOK for høgt i tilrådinga, om vi legg kommunen sine tal til grunn.
- Kommunen har ikkje teke omsyn til at eit stort uteområde er dyrare å opparbeide enn eit mindre uteområde, men har likevel teke stort uteområde til inntekt for Kvåle-alternativet ved vurdering av uteområde.

Korrigert samanlikning – der det er teke omsyn til alternativ verdi av Trudvangtomta både for Kvåle- og Fosshagen-alternativet, lagt inn kostnad (har nytta kommunen sitt kostnadsoverslag) til å etablere parkeringskjellar på Kvåle og teke omsyn til opparbeiding av større uteområde ved Kvåle:

Kostnad i MNOK	Kvåle	Trudvang	Fosshagen
Byggekostnad sjølve skulebygget	472,5	472,5	472,5
Opparbeiding av uteområde	42,5	32,0	32,0
Andre kostnader (tomt / parkering)	66,0	37,0	50,0
Totalkostnad	581,0	541,5	554,5

Som vi ser av tabellen over får det konsekvensar for rangeringa av alternativa når vi tek omsyn til dei momenta som vi har peika på over.

Vår vurdering:

Det er stor usikkerheit knytt til tala som kommunen nyttar når dei vurderer økonomien til dei tre alternativa. Med den vesle skilnaden som kommunen peikar på, så er det uråd å konkludere med at det eine alternativet er billigare enn det andre.

Alle tre alternativ burde vore vurdert likt når det gjeld økonomi. Tilrådinga gir eit uriktig bilete når kommunen har gitt heilt ulike karakterar til dei tre alternativa. Dette får stor konsekvens for den samla vurderinga, sidan investeringskostnad har ei vekt på 30%.

2 Skulen sine behov [30 %]

Kommentar:

Dette kriteriet er sett saman av kvalitet og storleik på uteområde, pedagogiske kvalitetar og utforming, bygg som møter krava i fagfornyinga, overgangar frå barnehagen, barneskule, ungdomsskule, vidare utdanning og yrkesliv, tilgang til kroppsøvingslokale og drift i anleggsperioden. Skulebygning og tomt vert i stor grad omtalt, medan det handlar lite om fagleg innhald, pedagogiske behov og elevane sitt perspektiv.

Kriteriesettet ivaretar i liten grad vurderingar knytt til kva som er det beste for elevane. Under folkemøte om skuleplassering blei det etter munnlege innspel om at barna sine behov var lite vektlagt uttalt fra kommuneadministrasjon at det var eit viktig innspel dei tok med seg. FAU ser derfor fram til ei tilråding til kommunestyret der omsynet til og vurderinga av kriteria opp mot elevane sine behov kjem tydelegare fram. I det arbeidet meiner FAU at det er naturleg og nødvendig å lytte til lærarane sin relevante erfaring og kompetanse.

- Kvalitet og storleik på uteområde

Dei tre alternative tomtene er vurdert nokså likt under dette kriteriet, Trudvang, Kvåle og Fosshagen høvesvis 4, 6, 4. Grunngevinga i saksframstillinga er at “..uteområdet blir opparbeidd som del av heilskapen i prosjektet og skal vurderast som del av forslaga til løysing for utbygging”. Likevel vil vi peike på at dei tre alternative tomtane er ulike som utgangspunkt. Dette gjeld særskilt tilgang til naturområde. Kommunen fokuserer i for mykje på storleik og for lite på kvalitet på uteområde i innstillinga. Innstillinga viser til at uteområda på Kvåle er desidert størst. Viss kommunen også hadde vurdert kvaliteten på uteområdet, så er det ikkje sikkert at eit mindre uteområde skulle fått dårlegare vurdering, då “God kvalitet kan kompensere for arealstørrelse” (NMBU, Uteområder i barnehager og skoler-hvordan sikre kvalitet i utforming, 2019).

Uteområde for kroppøving vil vere godt tilgjengeleg ved alle tre alternative plasseringar. Naturområde er ein viktig arena for elevane. Det trengst uteområde som innbyr til leik og kreativitet for dei minste barna der dei kan utfalde seg fysisk i eit variert miljø der alle sansar og dei grunnleggande motoriske bevegelsane blir stimulert.

I saksframstillinga blir det lagt vekt på “sambruk med aktørane på Campus” i omtale av Kvåle-alternativet. Det kan vere positivt med sambruk, men for ein barneskule ytrer lærerne at det er et gode for ein barneskule å ha egne områder. Dei viser i sitt innspel til at dei hadde gode erfaringer med å ikkje måtte dele uteområda med eldre elevar i koronaperioden; “ Dette handlar om tryggleiken og trivselen til dei minste borna, og ikkje minst dei tilsette si oversikt over egne elevar.”

FAU meiner det er viktig å ta omsyn til elevane og dei pedagogiske behova i vurderinga av kor eigna uteområde dei tre tomtane har.

- Pedagogiske kvalitetar og utforming

Under kriteriet for pedagogiske kvalitetar og utforming er det i saksframstillinga vist til innspel om at “på Kvåle er enkelte uroa over at veldig mange barn og unge i eit stort aldersspenn vert lokalisert på same område”. Soneinndeling og god planlegging skal tryggja dei som er uroa for dette. Men uroen er eit uttrykk for at barneskulebarna ikke vil kjenne seg like trygge på ein skule som er samlokalisert med ungdomskuleelevar som er 10 år eldre. Miljøterapeutene ved Kvåle skule deler bekymringen i innspela kommunen har motteke. I sitt innspel seier dei at dei «ser store utfordringar med å skulle ha barneskuleelevar tett på ungdomsskuleelevar, og trur det beste alternativet er å ha dei to skulane plassert med god avstand til kvarandre». Dei baserer det på noværende erfaring med å ha mellomtrinnet plassert på Kvåle skule, slik løysinga i dag. Deira erfaring viser at dei yngste elevane sluttar med den frie leiken fort då dei blir påverka av dei eldre elevane ved skulen. Denne

påverknaden gjeld òg språkbruk, bruk av mobil, sosialt samspel med meir. Elevane blir “tvungne” til å fort bli “vaksne”. Det er uheldig at den frie leiken opphøyrer tidlegare enn den bør, då forskning tilseier at barn utviklar seg best gjennom leik og treng å være barn så lenge som mogleg.

Å tilrettelegge for ein best mogleg barneskule der elevane kjenner seg trygge på den beste tilgjengelige plasseringa må være sentralt for å nå måla i samfunnsplanen under satsningsområdet “Best på oppvekst”. Trivsel henger ofte sammen med mestring, læring og sosial støtte (Sektorrapport om folkehelse, Helsedirektoratet 2021).

- Kroppsøvningslokale innanfor funksjonell gangavstand

Det er viktig for skulen å ha egna areal for kroppsøvningsundervisning i nærleik til skulen. For dei minste ungane, og i SFO-tida er det naudsynt at gymsal er integrert i skulen.

Fagfornyninga (LK20) vektlegg at kroppsøving fremjar samarbeid, forståing og respekt for kvarandre gjennom bevegelsesaktivitet og naturferdsel saman med andre. For undervisning i kroppsøving treng ein difor ulike flater, t.d. uteområder, naturområder, symjebasseng og salar/hallar. Kroppsøving tek vare på tradisjonell rørsleaktivitet i samfunnet, men stimulerer òg til eksperimentering og kreativ utfolding i alternative rørsleformer. Ein treng difor ikkje berre ordinære idrettssalar/-hallar, men også undervisningsareal som legg til rette for alternative rørsleformer. Totalt treng ein 4-5 flater innandørs med areal for kroppsøving i Sogndal sentrum (trinn 1-10). Trinn 8-10 treng 2 flater medan trinn 1-7 treng 2-3 flater, der den eine flata gjerne kan vere noko anna enn ein ordinær idrettssal/-hall.

Med bakgrunn i denne kunnskapen meiner me at kommunen ikkje har grunnlag for å skåre Trudvang lågare på kroppsøvningslokale innanfor funksjonell gangavstand enn Kvåle. Ein kan kanskje auke sambruk på ei kroppsøvningsflate på ettermiddag/kveld ved å plassere skulen på Kvåle, medan ein kan auke sambruk på dagtid ved å nytte den planlagde idrettshallen til SAMAN ved å plassere skulen på Trudvang. Symjeundervisninga vil rett nok vere litt nærare for nokre av trinna ved ei plassering på Kvåle, men dei minste borna må uansett fraktast til Vesterland, då dette har vore gjort etter at kompetansekrav i symjing vart innført for 2. klasse. Uteområde for kroppsøving vil vere godt tilgjengeleg ved begge plasseringar, men på Trudvang vil ein ha dette området for seg sjølv, medan ein på Kvåle på dele det med ungdomsskule, vidaregåande og høgskulen. Naturområde som er ein viktig arena i kroppsøvningsfaget, og bør vere med i vurderinga.

- Gode overgangar frå barnehagen, barneskule ungdomsskule, vidare utdanning og yrkesliv.

Under dette kriteriet blir det argumentert for at lokasjonen til Kvåle og Fosshagen er fordelaktig for å gi “gode samanhengar i opplæringsløpet” samanlikna med Trudvang. Saksframlegget viser til forskning som viser at overgangar for barn og unge i opplæringsløpet kan være veldig viktige og derfor er det viktig å tilrettelegge for så trygge overgangar som råd. Det er vi einige i, men vi vil stille spørsmål til om det er belegg for å hevde at fysisk

nærleik mellom barneskule og ungdomsskule fremjar gode samanhengar i opplæringsløpet sammenliknet med skuler som ligg så nær som Trudvang og Kvåle skule ligg i dag?

I Sogndal kommune sin samfunnsplan blir det lagt vekt på andre tilhøve enn geografisk nærleik og soneinndeling i resultatmålet om å "Sørge for gode overgangar mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule saman med føresette"(samfunnsplanen 3.1d). FAU saknar meir fagleg grunngeving som oppfyller dette.

- Drift i anleggsperioden

Det er uro blant nokre foreldre at anleggsperioden vil bli utfordrande. Tungtrafikk, anleggsmaskiner og støy som vil påvirke kvardagen byggeperioden, som vil vare i 2-3 år. Kommuneadministrasjonen legg vekt på å sjå heilskap og det store bildet, og det store bildet i denne sammenheng vil vere at den nye skulen blir bygd for 50- 60 år. Viktige innspel til dette kriteriet er at lærarane på Trudvang skule er positive og innstilt på å vere løysingsorienterte i byggeperioden. For FAU er det viktig å peike på at det er ein forventning at uansett byggeplass er det viktig at det blir lagt til rette for å løyse dei utfordringar ein byggeperiode kan medføre på ein trygg og god måte. Vi viser til ulike innspel til mogelege alternative bygningar som kan nyttast i byggeperioden (Guridalsbygget, Kyrkjebakken barnehage).

- Nærleik til andre tilbod

Kriteriet "Nærleik til andre tilbod" er ein del av kriteriesettet under "Stadsutvikling". FAU meiner at kriteriet høyrer betre heime under kriteriet "Skulen sine behov" og me omtalar det difor her.

For elevane i barneskulealder er sjølve plasseringa av skulen med kort avstand til andre tilbod avgjerande for det pedagogiske tilbodet. Dei yngste elevane er 5-6 år og skulekvardagen består blant anna av utedagar og turdagar. Plasseringa av skulen vil derfor i seg sjølv vere svært avgjerande for kva moglegheiter barna har i skulekvardagen sin.

Plasseringen av ny skule på Trudvang veit vi frå erfaring at har en stor verdi da det er kort veg til alternative og mykje brukte uteklasserom som Gamma, Røvhagane, Sjøkanten, Fjordstien, Kulturhuset og biblioteket. Nærleik til SHOS er også fruktbar, for både elevar og bebuarar. Det er lenger avstand til desse tilboda frå Kvåle og ikke er derfor ikke like lett tilgjengelig som alternative undervisningslokasjoner for dei minste elevane.

Vår vurdering:

FAU oppmoder Sogndal kommune til å på nytt vurdere kriteriesettet med bakgrunn i innspela over.

FAU meiner at elevane sine behov har fått alt for lite vekt i saksframlegget. I det arbeidet meiner FAU at det er naturleg og nødvendig å lytte til lærarane si relevante erfaring og kompetanse.

FAU meiner det er viktig å ta hensyn til elevene og de pedagogiske behovene i vurderingen av hvor egnet de tre ulike tomtene er i forhold til uteområdet og behov for geografisk avstand i dei ulike fasane i oppveksten.

3 Trafikk [10 %]

Kommentar:

Dette kriteriet er sett saman av avvikling av skuleskyss, foreldrekøyring, parkering for tilsette og besøkande, trygg skuleveg for gåande og syklende elevar, og generell påverknad på lokaltrafikk. Kvåle har fått topp score (6) på alle delane, medan Trudvang og Fosshagen har fått score mellom 3-5.

For alternativ "Kvåle" ligg grunngjevinga for heile kriteriesettet på at ein ser føre seg at svært mange trafikale utfordringar blir løyst så lenge ein får lagt innkøyringa til skulen direkte frå rv. 5, og i tillegg gjort dette til hovudtilkomst til ungdomsskule, vidaregåande og idrettshall. Om dette i realiteten let seg gjennomføre og kva reell trafikkreduksjon det fører til er førebels ikkje utgreidd.

FAU ser utfordringar med at eit stort tal elevar med stort aldersspenn skal leverast med skuleskyss i samme område, og meiner dette bør koma tydelegare fram før det er grunnlag for å rangere alternativa.

For Trudvang og Fosshagen er ein heller ikkje på eit slikt detaljeringsnivå at ein kan seie at trafikksituasjonen vil bli dårlegare her enn for Kvåle.

- God trafikksituasjon rundt skulen kan sikrast med prinsippa til "hjertesone" frå Trygg Trafikk.
- Eit av hovudmåla for å få trygge område rundt skulen må vera å legge til rette for at flest mogleg vel å gå og sykla til skulen.
- Ombygging av skysstasjonen gir kommunen spelerom til å utforme området trygt både for skuleskyss og foreldrekøyring.
- Gode løysingar for foreldrekøyring og parkering kan til dømes løysast ved P-hus nord.


Det som bør vektast meir i dette punktet er kva for eit alternativ som får flest mogleg til å gå eller sykle til skulen. Dette vil påverke lokaltrafikken i positiv retning, betre trafikktryggleiken på vegnettet generelt og i nærleiken av skulen. Dette er kort omtalt under "Klima og bærekraft" men bør ligge her under "Trafikk".

Analysane i Alternativanalysen frå HRP og ein analyse av gangsentralitet for sentrum (vist nedanfor) viser tydeleg at klart flest innbyggjarar i Sogndal får kortast avstand til Fosshagen og Trudvang.

Antall personar som har mindre enn 1 km gangavstand til dei ulike tomtealternativa:

- Fosshagen: 2100-2200 personar
- Trudvang: 1620-1980 personar
- Kvåle: 600-1290 personar

I tillegg vert det oppgitt i saksgrunnlaget frå Sogndal kommune at tyngda av nye utbyggingsområde for familiebusadar vist i bustadanalysen til arealplanen vil ha Trudvang som det næraste alternativet. Nasjonale reisevaneundersøkingar viser ei klar samanheng mellom avstand til skule og kor mange som går eller sykklar. Det vil vere stor skilnad på dette mellom dei ulike alternativa. Dette er lite vektlagt i saksutgreiinga.



Basert på analyse av gangsentralitet i Sogndal sentrum, og reisevaneundersøking om kor mange som går og sykklar til skulen ved ulike distansar, er det heilt klart vesentleg fleire som kjem til å gå og sykla til skulen ved lokalisering på Trudvang eller Fosshagen. Dette vil også gjelde etter skuletid til fritidsaktivitetar og sosiale møteplassar som ein skule vil skape.

Vår vurdering:

FAU oppmodar Sogndal kommune til å vektlegge at flest mogleg får ein aktiv reiseveg til/frå skulen. Dette er lite tatt omsyn til.

FAU oppmodar Sogndal kommune til å gjere ei ny vurdering av kriteriet “trafikk”, basert på innspel over.

4 Basis og fleirbrukshall [5 %]

Kommentar:

Dette kriteriet tek føre seg behovet for utvida kapasitet for hallflater i Sogndal, kvar dette er enklast å få løyst, og kvar ein kan få best samdrift av tilgjengelege hallflater.

Det er viktig å få aktivisert born og unge, men det er også viktig å tilrettelegge for uorganisert aktivitet, ikkje berre den organiserte idretten. Det bør leggest til rette for uorganisert aktivitet fleire stadar i sentrum, og det er difor ikkje berre positivt å samlokalisere alt rundt campus.

Vår vurdering:

FAU meiner at basis og fleirbrukshall bør sjåast på uavhengig av lokalisering av skule. Dersom det skal vere med i den samla vurderinga bør ein kartlegge behova for areal til organisert og uorganisert aktivitet i kommunen betre enn det som ligg til grunn her.

5 Klima og bærekraft [5%]

Kommentar:

Dette kriteriet det i stor grad omsyn til klima og ikkje dei andre dimensjonane av berekraft (sosiale og økonomisk berekraft). Avsnittet burde av den grunn tatt bort begrepet berekraft. I dette kriteriet er konsekvensar for mobilitet tatt inn. Dette har vi kommentert under "Trafikk". Under dette kriteriet er arealdisponering tatt inn. Vi meiner dette høyrer heime under kriteriet "Stadutvikling".

Det ikkje gjort berekningar på klimagassbudsjett på dei tre ulike alternativa. Dersom det skal byggast ein underjordisk garasje i fleire plan i tilknytning til ein skule vil det ha stor påverkan på klimagassutslepp. FAU kan ikkje sjå at det er nemnt i kriteriet.

Vurdering av klimaendringar med høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar er ikkje lagt til grunn for nokon av dei tre alternativa. Dette er ein av retningslinjene for planlegging i Vestland.

Det er også teke med eit eige avsnitt om bussparkering. Kommunen sitt oppdrag er å bygge ein barneskule. FAU meiner eit punkt om bussgarasje ikkje høyrer heime i ein diskusjon om plassering av ein barneskule. Sidan den først er teke med burde det vore teke omsyn til dei store klimafotavtrykka ein bussgarasje i betong vil medføre. Med ein busspark som likevel skal elektrifiserast innan 2026 vil klimagassutsleppet med køyring av bussar frå Kaupanger til Sogndal, som det vert argumentert for i saksframstillinga, ikkje vere relevant.

Vår vurdering:

FAU oppmodar Sogndal kommune til vurdere dette kriteriet på ny etter innspela over.

6 Stadsutvikling [5%]

Kommentar:

Dette kriteriet skal ta føre seg tilhøve som gjeld tilrettelegging og utforming av lokalsamfunnet. Ein har valt å bygge kriteriesettet opp av “nærleik til andre tilbod”, “sambruk av bygg og uteområde”, “parkering for andre” og korleis plasseringa av skule bidreg til realisering av måla i samfunnsplanen.

FAU meiner det er valt eit snevert utval i kriteriesettet, til trass for at dette er eit kriterium som burde romma mykje. Her er det til dømes ikkje trekt inn noko frå moglegheitstudiane knytt til arealplanen, der konklusjonane er at skulen bør ligge mest mogleg sentralt.

Det er stort potensiale for samskaping i sentrum, som er lagt alt for lite vekt på under dette kriteriet. Det er ikkje teke omsyn til sambruk med kulturskulen, bibliotek, SHOS og liknande. Ved sambruk av bygg og uteområde får Kvåle score 6, Fosshagen 5 og Trudvang 4. Dette blir grunngjeve med at alle tre lokasjonane har sambruk etter skuletid, men at Trudvang har minst moglegheit for sambruk under skuletid. FAU ønskjer ikkje at elevane på ein barneskule skal måtte sambruke store delar av kroppsøvingsarelet og uteområde med elevar frå ungdomsskule og vidaregåande. Dei minste elevane bør skånast i størst mogleg grad og FAU meiner difor at sambruk mellom så store alderstrinn ikkje bør vurderast positivt.

Parkering er i framstillinga vekta 6 for Kvåle, 3 for Trudvang og 2 for Fosshagen. I dag er det kun Trudvang som har etablert parkeringshus i nærleik til skulen (Amfi). Parkeringshuset her er tomt om morgonen ved levering, midt på dagen og ved henting etter skule og sfo/slutt. Det er ved andre tidspunkt enn skuletid (laurdagar ved julehandel og Lerum Cup) dette parkeringshuset er i nærleiken av kapasitetsutfordringar. Ved å nytte Amfi som parkering kan kommunen spare store kostnader, jf. punkt 1 over. FAU meiner Trudvang er den tomte som vil komme best ut ved eit allerede etablert parkeringsanlegg.

Arealdisponering som i saksframstillinga ligg under “Klima og berekraft” meiner vi tilhøyrer under dette kriteriet, og omtaler det difor her. Det blir i saksframstillinga argumentert for at Trudvang-tomta kan løyse fleire funksjonar i framtida, som til dømes utviding av SHOS og ny sentrumsbarnehage. Det er ikkje eit ønskje frå statleg hald at eldreomsorg skal samlokalisast. Derimot er det eit mål at eldre skal bu heime så lenge som mogeleg. Omsorgsbustader bør plasserast i ordinære og gode bymiljø, det bør ikkje vera for mange samla, og dei ulike brukergroppene må ikkje samlokalisast på ein uheldig måte. FAU meiner at det er positivt både for SHOS og for elevane for Trudvang å vere naboar.

Vår vurdering:

FAU meiner nærleik til andre tilbod (som vert nytta i skuletida) bør få høgare vekt, og at dette høyrer heime saman med skulen sine behov.

FAU meiner at “Stadutvikling” bør belysast breiare og gjenspegle kommunen sine overordna dokument og planar.

7 Tomtespesifikke tilhøve [4 %]

Kommentar:

Dette kriteriet tek føre seg tomtespesifikke tilhøve som både omhandlar klimatiske, natur og planfaglege tilhøve. Trudvang har fått score 6, medan Kvåle har fått 5 og Fosshagen 3. FAU saknar ei betre fagleg grunngjeving på punkta som omhandlar dei klimatiske tilhøva (temperatur, sol, støy) på dette punktet..

Det blir i saksgrunnlaget vist til at Trudvang har flest soltimar i året, at Kvåle har noko mindre og Fosshagen noko i mellom. Her bør tal skuledagar sola er borte på dei tre alternativa komme fram. Vidare bør tal soltimar på dei tre tomtene ut over skuleåret illustrerast. Ei enkel undersøking på internett viste at Trudvang mistar sola i 39 dagar i året, medan Kvåle er utan sol i 97 dagar i løpet av eit år. Reknar ein om dette til skuledagar, vil sola vere borte på Kvåle i 33% av skuleåret, medan den berre er borte i 10 % på Trudvang. Det er viktig for elevane på ein barneskule med eit godt klima som mogleg på uteområdet. Elevane går på barneskulen i 7 år, mot 3 år på ungdomsskulen. Barneskuleelevane brukar uteområda mykje meir enn ungdomsskuleelevane, og vi vil difor påstå at uteområdet er mykje viktigare på ein barneskule enn på ein ungdomsskule.

Temperaturen er ikkje omtalt anna enn at Fosshagen er utsett for elvetrekk og at mikroklimaet på Kvåle kan løysast ved strategisk plassering av bygningar. Alle tre alternativa kan løyse mikroklima ved strategisk plassering av bygningar, dette er ikkje særskilt for Kvåle. FAU saknar samanhengen mellom tal soldøgn og temperatur. Med færre soldøgn vert utetemperaturen lågare på Kvåle. Skulen på Trudvang har omlag 2 grader varmare klima enn Kvåle. Dette kjem i tillegg til «Dalatrekken», som Trudvang er meir skåna for. Erfaringar frå Fosshagen barnehage viser at det er kaldare om vinteren og mindre sol enn forventa. Isen som kjem på uteområdet i januar blir ofte liggande langt ut over vinteren. Med færre soltimar og lågare temperatur på Kvåle og i Fosshagen vil dette i langt større grad vere ei utfordring for ein barneskule plasser her enn på Trudvang tomta.

Dette kriteriet har ikkje omtalt støyutfordringar ved dei ulike alternativa. Det er ikkje vist til støykartlegging på nokon av dei tre tomtene. Ved ei plassering på Kvåle vert skulen eksponert for støy frå rv.5, Dalaelva og trafostasjonen på andre sida av rv.5. Fosshagen vil kunne ha utfordringar med støy frå elva og noko frå rv. 5. Både Kvåle og Trudvang kan få utfordringar med støy under byggeperiode (med mindre borna vert flytta bort til mellombelse lokasjonar under byggeperioden). Sjølv om skulebygga kan byggast slik at det lukkar ute mykje støy, så vil uteområda vere eksponert for støy. Barneskuleelevar nyttar store delar av dagen ute. FAU meiner at det må gjennomførast ei støykartlegging ved alle tre tomtene. Vidare må det påreknast støyskjerming for uteområda, slik at dette er sikra godt nok for elevane.

FAU stiller spørsmål til om det er riktig at Kvåle for score 5 på dette punktet, om ein tek omsyn til punkta over.

Vår vurdering:

FAU oppmodar Sogndal kommune om å gjere ei ny vurdering av kriteriet Tomtespesifikke vurderingar basert på innspela over.